

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Nyårsaftan – 31. desember 2021

Preiketekst: Matt.11,25-30

Lesetekst I: Klag 3,22-26

Lesetekst II: 1. Joh.1,5-7

«Sonen gjev kvile»

Det er overskrifta i preiketeksten vår i Bibelen 2011, i eit avsnitt som på ein spesiell måte går inn i kjernen av det evangeliet Jesu etterfølgjarar er kalla til å gje vidare.

Til dagen

Nyårsaftan er jo først og fremst ein allmenn dag, og av ganske sein dato i kyrkjeleg samanheng. Lenge kjempa kyrkja mot å feire nyttår, då ein såg dette som ein heidensk skikk. Frå ca. år 1100 vart 1.januar feira i kyrkja i Rom. For nyårsaftan sin del er det først i 1977 vi fekk faste tekstar. Det ser ut til at fleire stader feirar ein nyårsaftan i kyrkja på ettermiddagen. Nyårsnatt er det færre stader enn før som har gudsteneste, sjølv om det er ein del stader dei held fast på denne særmerkte tradisjonen.

I Norsk Salmebok 2013 finn ein fine bønner ved årsskifte. Kyrkja sin fredsbøn er ofte nytta. Fedrelandssalmen (757) er ikkje så sjeldan med.

Ein «monumental» salme som eg sjølv gjerne set i samband med gudsteneste denne dagen er 835: Å, Gud vårt vern i farne år, skriven av engelskmannen Isaac Watts, ut frå Salme 90- «Herre du har vore ein bustad for oss i slekt etter slekt» (v.1). Salmen har ofte blitt brukt i vanskelege tider, særleg når nokon har komme velberga gjennom prøvingar og farar. I salmeboka vår har den blitt plassert under «Årsskiftet», ei tid då ein ser bakover på det som har vore og framover mot det som kjem. Første gong den stod på trykk var i salmesamlinga Psalms of David (1719). Den norske misjonæren Johannes Gausdal arbeidde blant santal-folket i India. Han fortalde at etter andre verdskrig, i mai 1945, bad dei indiske styresmaktene om at det skulle haldast takkegudstenester. Gausdal fortel: «I Dumka kirke skulle vi for anledningen anvende tre språk: santali, bengali og engelsk. Den første salmen som ble sunget var «O God, our help in ages past», på santali og engelsk samtidig» (V. Kristensen: Stevne møte med Salmeboka, Eide forlag 2019). Gausdal hadde den første omsetjinga av denne salmen. No er det biskop Per Lønning si omsetjing som vert nytta.

Til teksten

Preiketeksten, i år på 3. tekstrekkje, går inn i kjernen av evangeliet. Avsnittet er fullt av innhald. Det har ofte blitt peika på at det er ein noko uvanleg stil hos synoptikarane. Det har eit høgstemt innhald, nesten hymnisk, ikkje ulikt det ein finn hos Johannes.

Anton Fridrichsen understrekar likevel at den høgtidlege, salmeliknande uttrykksforma ikkje var framand for Jesus, ein kan til dømes tenke på Bergpreika i nokre kapittel framfor. Saligprisningane i Matt.5 er døme på det. Dette var ein stil ikkje uvanleg for Jesus, når han vart gripen av det overveldande i det at han var sendt av Gud, og den stillinga det gav han i verda. Forutsetninga for at «Sonen gjev kvile» er «Sonen sin løyndom», som er skjult for mange. Jesus talar her om tilhøvet til Far, og det gjer han gjerne når han er saman med dei nære, med læresveinane.

I avsnittet tek Jesus til med ei takkseining, ei lovprising, og det av noko som i første omgang kunne sjå ut som noko mislykka! At evangeliet er blitt forkasta av leiarane i folket, dei som stod for skriftlærdommen, men tekne imot av ulærde og enkle folk! Det greske ordet som her er oversett med «umyndige små», går gjerne på dei som er mindreårige og uskolerte. Det peikar igjen på at det er Gud som skal ha æra. Versa her går på litt av det samme som Paulus trekkjer fram i 1. Kor. 1,18-31, dårskapen i krossen; «men det som går for å vera dårskap i verda, det valde Gud seg ut, så han skulle gjera dei vise til skamme.» (v.27). «Dette var din gode vilje» (v. 26) må her gå på evangeliet, som dei lærde var blinde for, men «umyndige små» tok imot med open famn. I dette openberrar Jesus Guds Farshjerte! Gud har tiltrudd alt til Sonen; det er løyndomen i Jesu visdom, den gnosis, som han openberrar. «Alt har Far min overgjeve til meg». Det minner og litt om det som vert sagt i Matt.28,18, misjonsbodet, «eg har fått all makt..». På ein sjeldan måte kjem Jesu makt og mynde fram her, noko som gjev uttrykk for Jesu eineståande stilling. Den er enno skjult, men skal openberrast ved hans komme i herlegdom (sjå t.d. Matt.26,64).

Å komme til Jesus, og å stole på han er vel nokon av dei uttrykka som oftast vert brukt i kristen forkynning (v.28). Å finne «kvile» i Jesus, kunne og vere omsett med «ro». Det går då på kva denne openberringa av Faderen sin vilje, kombinert med denne himmelske visdomen, gjev den einskilde i Jesus Kristus. Dette kjære, og ofte siterte verset her finn ein berre hos Matteus. Det enkle verset gjev uttrykk for eit djupt teologisk innhald, mynta på «alle». «De som slit og har tungt å bera» vil då seie at Jesus kom for alle menneske, som vil motta han, og for alle menneskelege tildragningar. Klangen frå Bergpreika er framtrudande, sæle dei... som er fattige i ånda, himmelrike er deira...(5,3). Dei som kjenner si maktesløyse ved å oppfylle lova sine bod, er det Jesus her kjem til hjelp, han har gjort det for dei/oss!

Ein kan finne liknande formuleringar t.d. i Siraks bok 51,23-27 (H. Kvalbein). Likskapen tyder på at Jesus her brukar visdomslæraren sin uttrykkmåte når han innbyr til undervisning om Guds rike. At Jesus går inn i det Visdommen peikar på, slik vi finn det i GT, er noko til dømes Sverre Aalen har vist oss i arbeidet om «Jesu kristologiske selvbevisshet».

Jesu åk

I denne innbydinga hos Jesus er formuleringane «åk» og «mitt åk» sentrale. Dette er uttrykk frå bondelivet, der ein pleidde å legge eit åk på oksane for å venne dei til å bere og underordne seg ein annan si leiing, og også ta imot tukt. Jesus seier at hans åk er lett, for han er «mild og mjuk i hjartet». Det ligg kvile i å underordne seg Jesu åk, då vert børa lettare.

Ved eit nyårsskifte med all den reknskap som der skal fram i lyset, er det trøysterikt å kunne vere under Jesu åk, han som har bore den tyngste børa. Eigentleg kan vel åket få oss til å tenke på Jesu kross, og Jesus bar sjølv krossen. Saman med han får me og kvile når me ber vår kross.

Inn i eit nytt år

Det å komme med forsett innfor eit nyttår, er ikkje uvanleg. Det er positivt å kunne ha det, samstundes som det lett og kan gje vonbrot. Å gå saman med Herren inn i eit nytt år, anno Domini – det Herrens år – er like fullt trøysterikt og gjev kvile, midt i ei verd og eit liv med mange utfordringar. Innhaldet i lesetekstane denne dagen, gjev håp. « Herren er nådig, vi går ikkje til grunne. Hans miskunn tek aldri slutt» (Klagesangane 3).«Dersom vi vandrar i lyset, liksom han er i lyset, då har vi fellesskap med kvarandre, og blodet frå Jesus, hans Son, reinsar oss frå all synd»(1. Joh. 1).

GODT NYTT ÅR!

Audun Systad

Frivillig medarbeidar og medlem av krinsstyret i S. og Fj. DNI, Sokneprest Sunnfjord prosti
audun.systad@hyllestad.kyrkja.no